



Særutskrift

Arkivsak-dok. 22/00517-16
Saksbehandlar Svein Rune Notøy

Særutskrift - Reguleringsplan Torhaugmyra aust, endring 06 - Eigengodkjenning

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Drift- og arealutvalet	18.01.2023	PS-2/23
2 Kommunestyret	02.02.2023	PS-7/23

Drift- og arealutvalet har behandlet saken i møte 18.01.2023 sak PS-2/23

Møtebehandling

Tilrådinga frå kommunedirektøren.

Votering

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedtatt.

Drift- og arealutvalets innstilling

Kommunestyret viser til plan- og bygningslova § 12-12, og godkjenner reguleringsplan Torhaugmyra aust, endring 06, slik det går fram av plankart og føresegner sist revidert 28.12.2022.

Kommunestyret har behandlet saken i møte 02.02.2023 sak PS-7/23

Møtebehandling

Drift- og arealutvalet si innstilling.

Votering

Drift- og arealutvalet si innstilling vart samrøystes vedtatt.

Kommunestyrets vedtak

Kommunestyret viser til plan- og bygningslova § 12-12, og godkjenner reguleringsplan Torhaugmyra aust, endring 06, slik det går fram av plankart og føresegner sist revidert 28.12.2022.

Reguleringsplan Torhaugmyra aust, endring 06 - Eigengodkjenning

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret viser til plan- og bygningslova § 12-12, og godkjenner reguleringsplan Torhaugmyra aust, endring 06, slik det går fram av plankart og føresegner sist revidert 28.12.2022.

Bakgrunn:

Reguleringsplan Torhaugmyra aust vart vedteken av kommunestyret i møte den 27.11.2014, sak 95/14. Det er seinare gjort fem endringar av denne reguleringsplanen:

- 1) Endring 01, vedteken 10.07.2017 (fjerna bustader mot fylkesvegen og erstatta desse med friområde, etablerte ny innkøyring til barnehage).
- 2) Mindre endring 02, vedteken 23.02.2018 (endra tekst i føresegnene for å leggje til rette for etablering AV støyvoll på friområde O_F6).
- 3) Mindre endring 03, vedteken 08.02.2019 (justering av internveg i plankartet, tre bustadtomter fjerna frå felt BF7 og BF8, nytt friområde, byggegrenser justert, gangveg justert).
- 4) Mindre endring 04, vedteken 23.03.2021 (felt BF3 delt inn i to delområde, justert mønehøgde i føresegnene, fire tomter slått saman til to for betre utnytting).
- 5) Mindre endring 05, vedteken 15.09.2021 (endra tekst i føresegnene knytt til estetikk og heilheitleg preg).

Aukra kommune har ein eksisterande slamavskiljar på delar av eigedom 15/2 i Julsundet som betener bustadfeltet Torhaugmyra og Torhaugmyra aust. Etter at denne slamavskiljaren blei etablert har det blitt bygd ein ny einebustad på eigedom 15/2, og ved slamtømming og avvatning av slamcontainer er det konflikt mellom trafikk til og frå bustad og tømmebil fordi det ikkje er nok areal tilgjengeleg for oppstilling av både slamtømmebil og container.

Det er også ei utfordring for renovasjonsfirmaet å kome seg ned til slamavskiljaren og klare å få snu tømmebilen på ein tilfredsstillande måte då vegen er smal og bratt. Aukra kommune ønsker å løyse dette problemet ved å utvide området kring slamavskiljaren for å kunne skilje køyreareal og oppstillingsareal betre. Samstundes er det ønskeleg å etablere ein vendehammar for at slamtømmebilen skal kunne få snu nede ved slamavskiljaren. Kommunen har vurdert at dette må løysast gjennom ei endring av den gjeldande reguleringsplanen for Torhaugmyra aust (Torhaugmyra aust - endring 05, vedteken 15.09.2021). Grunneigarane av eigedom 15/2 har gitt aksept for at kommunen kan nytte delar av deira areal til opprustinga av veg og etablering av vendehammar.

Planforslaget er utarbeidd som ei detaljregulering med melding om oppstart, og utlegging til høyring og offentleg ettersyn i minimum seks veker etter krava i plan og bygningslova kapittel 12. Endringa vert berre gjort i plankart og føresegner. Kommunen sin sakshandsamar har undersøkt § 6, 7, 8 og 10 i forskrift om konsekvensvurderingar, men finn ikkje at det vert løyst ut slikt krav. For å kunne realisere endringa kjem det til å gå med noko dyrkamark, men kommunen har vurdert at nytteverdien av det planlagde tiltaket er større enn ulempen det vil medføre for dyrkamarka. I kommuneplanen sin arealdel er planområdet avsett til «LNF» (landbruks-, natur -og friluftsområde).

Planforslaget som vart lagt ut til høyring og offentleg ettersyn omfatta fylgjande endringar:

- 1) Tilrettelegging for opprusting av eksisterande tilkomstveg på delar av eigedom 15/2 slik at denne vert dimensjonert for tilkomst og sning av slamtømmebil gjennom breiddeutviding, etablering av fast dekke og etablering av vendehammar. Vegen og vendehammaren er vist med arealføremålet «køyreveg» (sosi-kode 2011), og anna køyrbart areal er vist med arealføremålet «annen vegg grunn – tekniske anlegg» (sosi-kode 2018). Drift og vedlikehald av vegen ned til slamavskiljaren vil bli kommunalt ansvar.
- 2) Kommunal slamavskiljar på delar av eigedom 15/2 er vist med arealføremålet «avløpsanlegg» (sosi-kode 1542) og tilhøyrande tekst i føresegnene.
- 3) Eksisterande bustadtomt på delar av eigedom 15/2 er vist med arealføremålet «boligbebyggelse – frittliggende småhusbebyggelse» (sosi-kode 1111) og tilhøyrande tekst i føresegnene. Det vert ikkje lagt til rette for fleire bustader enn det som alt er etablert i området, og det vil derfor heller ikkje bli ei auke i trafikken utover det som er i dag.
- 4) Eksisterande dyrkamark i området er avsett til «LNF» i kommuneplanens arealdel 2016-2018, og er vist i planforslaget med arealføremålet «jordbruk» (sosi-kode 5111) slik at ein fekk eit samanhengane og meir naturleg planområde.
- 5) To eksisterande automatisk freda kulturminne vart tatt inn i planforslaget etter krav frå kulturvernmynde i Møre og Romsdal fylkeskommune. Det eine er vist med omsynssone H730, og det andre som bestemmelsesområde RpBo #1 (merk at denne typen bestemmelsesområde ikkje vert vist med skravur på plankartet, kun avgrensing).
- 6) Det automatisk freda kulturminne som er vist som bestemmelsesområde RpBo #1, vert gjennom bruk av dette føremålet søkt frigitt, og kulturvernmynde i Møre og Romsdal fylkeskommune vil handtere dette som ein søknad om dispensasjon frå kulturminnelova ved høyring og offentleg ettersyn.
- 7) Eksisterande SEFRAK registrert stabbur på delar av eigedom 15/2 er vist med omsynssone H570 etter krav frå kulturvernmynde i Møre og Romsdal fylkeskommune.
- 8) For å kunne realisere reguleringsendringa vart planområdet til gjeldande reguleringsplan for Torhaugmyra aust utvida mot nord-vest.

Planforslaget som vert lagt fram for eigengodkjenning omfattar fylgjande endringar:

- 1) Arealføremålet «jordbruk» (sosi-kode 5111) er endra til arealføremålet «landbruk» (sosi-kode 5110).

- 2) Følgjande tekst er tatt inn under punkt 4.4.3, avsnitt 2 i reguleringsføresegnene: «Det automatisk freda kulturminnet som er markert som område for føresegn RpBo #1 - ID 267860 i plankartet. vert frigjeve utan vilkår om ytterlegare gransking».
- 3) Følgjande tekst er tatt ut frå punkt 4.4.3, avsnitt 2 i reguleringsføresegnene: «Det automatisk freda kulturminnet som er lokalisert innanfor bestemmelsesområdet skal søkst frigitt ved dispensasjonssøknad i h.h.t. kulturminnelova § 8».

Utgreiing

Det blei varsla oppstart av planarbeidet via brev til berørte partar, og som annonse i Romsdal budstikke den 08.07.2022. Frist for å kome med merknader til planarbeidet vart sett til 25.08.2022 (utvida frist grunna ferieavvikling), og det kom inn totalt fire merknader.

I medhald av plan og bygningslova § 12-10, vedtok Drift og arealutvalet i møte den 12.10.2022, sak PS-16/22, å leggje planforslaget ut til høyring og offentleg ettersyn. Planforslaget låg ute til høyring og offentleg ettersyn i perioda 17.10.2022 – 01.12.2022, og det kom inn totalt fire merknadar. Nedanfor er disse kort refererte og kommenterte (merknadene i si heilheit er vedlagt saka):

1) Merknad frå råda, datert 26.10.2022

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Eldrerådet hadde ingen merknader til planforslaget.

Kommentar:

Tatt til vitande.

2) Merknad frå Statens vegvesen region midt, datert 28.10.2022

Statens vegvesen region midt hadde ingen merknader til planforslaget.

Kommentar:

Tatt til vitande.

3) Merknad frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, datert 21.11.2022

Statsforvaltaren tilrår at arealet som er gitt arealføremålet «jordbruk» vert endra til arealføremålet «landbruk» då dette kan vere meir tenleg for dette arealet.

Kommentar:

Arealføremålet «jordbruk» (sosi-kode 5111) vert endra til «landbruk» (sosi-kode 5110) som tilrådd i merknaden.

4) Merknad frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 30.11.2022

Møre og Romsdal fylkeskommune viser til dispensasjonssøknad i samband med at Aukra kommune har vedteke å leggje reguleringsplan Torhaugmyra aust, endring 06 ut til høyring og offentleg ettersyn, og gir løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne ID267860 i h.h.t. kulturminnelova § 8.4. Det vert samstundes vist til brev frå NTNU vitenskapsmuseet datert 28.11.2022. I dette brevet tilrår museet frigiving av kullturminnet utan vilkår om vidare undersøkingar.

Møre og Romsdal fylkeskommune er dispensasjonsmynde etter kulturminnelova § 8 første til fjerde ledd. NTNU vitenskapsmuseet er gitt ansvar for å gi tilråding i saker etter anmodning frå fylkeskommunene. I plankartet har ID267860 blitt merka med RpBo, og det blir søkt om frigiving.

ID267860 dekker eit areal på 4751 m² og er påvist gjennom åtte positive prøvestikk. Lokaliteten består av eit kolhaldig lag med gjennomsnittleg tjukkeleik på om lag 2 cm. Delar av lokaliteten ligg innanfor dei vestlegaste delane av planområdet til Torhaugmyra aust, endring 06. Kol frå laget i eit av

prøvestikka er datert til merovingartid (660-770 cal. e.Kr.). Kulturminnet ligg under bakken og har liten formidlingsverdi og opplevingsverdi.

Møre og Romsdal fylkeskommune stil fylgjande vilkår for vedtaket: Det vert gitt dispensasjon utan vilkår om ytterlegare gransking. Dispensasjonen gjeld for eit brannlag frå merovingartid, ID267860, som er automatisk freda i medhald av kulturminnelova § 4, første ledd. ID267860 er merka i plankartet som bestemmelsesområde RpBo #1. For dette området må fylgjande tekst leggest til føresegnene under 4.4.3 Bestemmelsesområde for kulturminne – RpBo #1:

«Det automatisk freda kulturminnet ID267860 som er markert som område for føresegn #1- ID 267860 i plankartet vert frigjeven utan vilkår om ytterlegare gransking».

Kommentar:

Fylgjande tekst er tatt inn under punkt 4.4.3, avsnitt 2, i reguleringsføresegnene som krevd i merknaden: «Det automatisk freda kulturminnet som er markert som område for føresegn RpBo #1 - ID 267860 i plankartet, vert frigjeve utan vilkår om ytterlegare gransking».

Fylgjande tekst er tatt ut frå punkt 4.4.3, avsnitt 2 i reguleringsføresegnene då den ikkje lengre er relevant: «Det automatisk freda kulturminnet som er lokalisert innanfor bestemmelsesområdet skal søkst frigitt ved dispensasjonssøknad i h.h.t. kulturminnelova § 8».

Merknaden kan med dette sjåast på som innfridd.

Konklusjon

Innkomne merknader etter høyring og offentleg ettersyn er tekne til vitande og innarbeidde i planforslaget, planforslaget vert derfor tilrådd eigengodkjent av Kommunestyret.

Administrative konsekvensar

Ingen.

Folkehelsekonsekvensar

Ingen.

Økonomiske konsekvensar

Kostnader vert dekt inn gjennom budsjettmidlar avsett til prosjektet.

Gerd Nerbø
Teknisk sjef

Geir Janos Göncz
Kommunalsjef plan og utvikling

Gerd Marit Langøy
Kommunedirektør

Særutskrift

Etter adresseliste.

Vedlegg

Torhaugmyra aust, endring 06_Plankart_rev 28.12.2022

Torhaugmyra aust, endring 06_Føresegner_rev 28.12.2022

Gjeldande reguleringsplan som skal endrast

Lokalisering

Bilder av dei tre SEFRAK bygga på eigedom 15-2

Innkome merknader etter høyring og offentleg ettersyn

RETT UTSKRIFT

DATO 3.februar.2023